

Forskrift om gebyr for feing og tilsyn av fyringsanlegg, Tysnes kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av Tysnes kommunestyre dd. mm 2023 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannførebygging § 17.

Kapittel 1 – Generelle føresegner

§ 1-1. Formålet med forskrifta

Formålet med forskrifta er å gi kommunen grunnlag for å dekkja sine utgifter i samband med gjennomføring av lovpålagd feing og tilsyn med fyringsanlegg i samsvar med brann -og eksplosjonsvernloven § 11 første ledd bokstav h. Tenesta skal prisast i tråd med sjølvkostprinsippet.

§ 1-2. Verkeområdet til forskrifta

Forskrifta gjeld behovsbasert feing og tilsyn av alle byggverk med fyringsanlegg som blir gjennomført av kommunen eller av annan aktør som utfører tenesta på vegner av kommunen.

Tysnes kommune har delegert myndigheita for feie- og tilsynstenesta til Tysnes brann og redning, som står ansvarleg for at pliktene til kommunen vert overhaldne

§ 1-3. Definisjonar

I denne forskrifta blir meint med:

- a) *Eigedom*: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lov om eigarseksjonar blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- b) *Eigar*: Den som har grunnboksheimelen til byggverk som blir omfatta av feie- og tilsynsordninga. Dersom eigedommen er festet bort for 10 år eller meir, blir festaren regna som eig.
- c) *Brukseining*: Rom eller samling av rom og opne delar som saman blir nytta i ei bestemd hensikt av éin brukar, som kan vera eigar, leiger eller annan bruksrettshavar.
- d) *Byggverk*: Bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- e) *Fritidsbustad*: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen angitt ved bygningstype 161–163 etter NS-3457. I tvilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som fritidsbustad.
- f) *Fyringsanlegg*: Omfattar eldstad, sentralvarmekjele eller liknande der varme blir produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.
- g) *Røykkanal*: Røykkanal omfattar heile kanalen for røykgass frå firingseininga til utslepp i atmosfæren, og omfattar røykrøyr frå eldstad til skorstein. Skorstein er den vertikale delen av røykkanalen, og kan innehalda fleire vertikale røykkanalar/-løp.
- h) *Skorstein*: Ein kanal av murverk, betong eller stål til å føra bort røykgass frå fyringsanlegg og tilføra luft for å halda ved like forbrenning.

Kapittel 2 – Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

§ 2-1. Eiges pliktar / Plikter hjå eigar

Eigaren av eit byggverk skal melda frå til kommunen når det er installert ny eldstad eller gjort andre vesentlege endringar av fyringsanlegget.

Eigaren skal sørrgja for at fyringsanlegget verkar som føresett. Dersom det blir oppdaga feil på anlegget, som vesentleg aukar risikoen for brann, skal anlegget stengjast for bruk dersom feilen ikkje blir utbetra umiddelbart.

Eigar skal sørrgja for sikre og gode arbeidsforhold for feiar.

Etter å ha fått varsel om feiing skal eigar sørrgja for at feiar har tilfredsstillande tilkomst til fyringsanlegg. På tak som har ei helling og høgd som gir fare for høge fall, må det monterast standardisert stige eller sørrgjast for likeverdig sikring.

Etter å ha fått varsel om tilsyn skal eigar sørrgja for at feiar har tilkomst til fyringsanlegget, herunder alle eldstader. Eigar må gi beskjed innan fastsett frist (jf. varsel) om utsetjing av feiing eller tilsyn.

§ 2-2. Kommunens pliktar / Plikter hjå kommunen

Kommunen skal sørrgja for feiing av røykkanalar i fyringsanlegg etter behov.

Feiinga skal utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte, som medfører minst mogleg ulempe for eigar.

Feiaren skal sørrgja for at all sot etter feiing blir fjerna og send til eigna stad. Etter avtale kan eigar fjerne sot sjølv.

Kommunen skal sørrgja for tilsyn med fyringsanlegg etter behov.

Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknytning til fyringsanlegg, skal kommunen sørrgja for at det blir ført tilsyn med fyringsanlegget i etterkant.

Kapittel 3 – Gebyr

§ 3-1. Gebyrgrunnlag og gebyrplikt

Kostnadene ved levering av tenestene som blir omfatta av denne forskrifta skal fullt ut dekkast av gebyrinntekter. Dette er ikkje til hinder for at kommunestyret kan bestemma at gebyrgrunnlaget i staden skal utgjera ein del av samla sjølvkost, jf. sjølvkostforskrifta § 8 første ledd.

Det skal innkrevjast gebyr frå eigar av byggverk med eitt eller fleire fyringsanlegg, uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. For nybygg blir berekna gebyr frå og med månaden etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Gebyra er årlege og gebyrsatsane blir fastsette kvart år av kommunestyret og kjem fram i gebyrregulativet. Gebyrplikta er ikkje knytt opp mot tidspunktet for faktisk feiing eller tilsyn.

§ 3-2. Gebyr for feiing og for tilsyn av fyringsanlegg

Gebyr for feiing skal betalast for kvar røykkanal/-løp i skorstein som er tilknytt ikkje-fråkopla fyringsanlegg.

Gebyr for tilsyn av fyringsanlegg skal betalast per brukseining som har eit eller fleire ikkje-fråkopla fyringsanlegg.

Årsgebyret til eigar for feiing og årsgebyr for tilsyn av fyringsanlegg skal justerast for fyringsanleggets behovsvurderte frekvens for høvesvis feiing og tilsyn.

§ 3-3. Tillegg og særskilde gebyr

Eiar kan belastast eit tillegg til det ordinære feie- og/eller tilsynsgebyret dersom det ikkje er køyrbar veg fram til byggverket til eigedommen der fyringsanlegget er plassert. Ved tvil om ein veg er køyrbar eller ikkje, er det synet til kommunen som er avgjerande. Tillegget skal justerast for fyringsanleggets behovsvurderte frekvens.

Særskilt gebyr blir innkravd i tilfelle der feiar etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har fått tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget, eller fordi eigar ikkje har vore til stades og/eller ikkje har lagt forholda til rette for tilgang.

Særskilt gebyr blir innkravd dersom kommunen må gjennomføra stadleg kontroll av at ein eldstad er fysisk fråkopla skorstein/røykkanal.

Satsar for tillegg og særskilde gebyr kjem fram av det årlege gebyrregulativet til kommunen.

§ 3-4. Innkrevjing av gebyr

Krav på gebyr etter brann- og eksplosjonsvernlovens § 28 er tvangsgrunnlag for utlegg og kan innkrevjast av skatteoppkrevjaren etter reglane for innkrevjing av skatt.

§ 3-5. Andre tenester

Dersom eiger ønsker brannforebyggende tenester utover det som er lovpålagt, til dømes inspeksjon eller filming av skorstein, må eigar sjølv ta kontakt med kommunens Tysnes brann og redning. Kommunen vil ta betalt for medtatt tid inkludert transport- og andre relevante kostnader. Timesatsen kjem fram av det årlege gebyrregulativet til kommunen.

Kapittel 4 – Avsluttande føresegner

§ 4-1. Gebyrfritak

Kommunen kan etter skriftleg søknad gi fritak frå å betala gebyr.

Gebyrfritak vert gitt dersom fyringsanlegget ikkje er i bruk over tid. Det skal dokumenterast at eldstaden er fysisk fråkopla skorstein/røykkanal.

Det er eigar, gjennom søknad om gebyrfritak, som er ansvarleg for å underrette kommunen om at fyringsanlegget ikkje lenger er i bruk. Kommunen må godkjenna søknaden før gebyrplikt fell bort. Gebyrplikta fell bort frå første betalingstermin etter at kommunen har godkjent søknaden.

Eigar skal varsle kommunen umiddelbart dersom fyringsanlegget blir i bruk igjen teke.

§ 4-2. Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av denne forskrifta, kan klagast på til formannskapet kommunestyret/klagenemnda til kommunen, jamfør forvaltningslova § 28 andre ledd.

Saksbehandlinga ved klager følgjer føresegnene gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernloven og forvaltningslova.

Det er ikkje klagerett knytt til gebyr som er fastsette etter denne forskrifta.

§ 10. Handheving og sanksjoner

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal finna stad i samsvar med kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernloven.

§ 11. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2024.